



Til
Kommunestyret

Frå
Karin Dokken Austvik

Dykkar ref.:

Vår ref.: 18/10405-KDA

Arkiv: K1 - 151

Dato: 13.12.2018

Tilleggsinnstilling - budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 for Finnøy kommune

Rådmannen føreslår følgjande innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner det framlagte forslag til *Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 for Finnøy kommune*, jf. budsjettforslaget av 7. november 2018 og tilleggsinnstilling av 11. desember 2018, for drifts- og investeringsføremål.
2. Kommunalt skattøre for personlege skattyttarar skal i 2019 vera på den maksimalsats som Stortinget fastset.
3. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 a) vert eigedomsskatt for 2019 skriven ut på faste eigedomar i heile kommunen. Den generelle skattesatsen for dei skattepliktige eigedomane og skattesatsen for bustadar og fritidseigedomar vidareførast uendra på 5 promille.

I tråd med overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert eigedomsskatt skriven ut på det særskilte skattegrunnlaget redusert med éin sjuandedel i 2019. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget er 5 promille. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtatte skattevedtekter. Eigedomsskatten skal betalast i to terminar.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 a) vert eigedomsskatt for 2019 skrive ut på faste eigedomar i heile kommunen. Den generelle skattesatsen for dei skattepliktige eigedomane og skattesatsen for bustadar og fritidseigedomar vert vidareført uendra på 5 promille.

I tråd med overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert eigedomsskatt skrive ut på det særskilte skattegrunnlaget redusert med éin sjuandedel i 2019. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget er 5 promille. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekte skattevedtekter. Eigedomsskatten skal betalast i to terminar.

4. Brukarbetaling Oppvekst 2019 vert vedteke i samsvar med vedlegg
5. Brukarbetaling Helse og omsorg 2019 vert vedteke i samsvar med vedlegg 3
6. Gebyrregulativ Plan og forvaltning/Drift og bygg 2019 vert vedteke i samsvar med vedlegg 4.
7. Investeringar i årsbudsjettet for 2019 vert finansiert med bruk av middel frå bunde og ubunde kapitalfond og nytt låneopptak på inntil kr 35 mill. Lån vert nedbetalt over 30 år.
8. Det vert teke opp lån i Husbanken til vidare utlån som startlån på inntil kr 5 mill. Lån vert nedbetalt over 30 år.

2. ENDRA ØKONOMISKE RAMMEFØRESETNADER OG PRIORITERINGER

2.1 Innleiing

Rådmannen la 20. november 2018 fram forslag til budsjett og økonomiplan 2019-2022 for Finnøy kommune. Forslaget var basert på regjeringen sitt forslag til statsbudsjett for 2019 (Prop 1 S (2018-2019)) av 8. oktober 2018. I ettertid har nokre føresetnader endra seg og rådmannen legg derfor fram ei tilleggsinnstilling, der konsekvensane av endringane er nærare kasta lys over og innarbeida i ein balansert heilskap. Tilleggsinnstillinga er inndelt i følgjande:

- Kapittel 1: Forslag til endra innstilling
- Kapittel 2: Endra økonomiske rammeføresetnader og prioriteringer
- Kapittel 3: Oppdaterte hovudoversikter

Den 20. november inngjekk H, FrP, V og KrF ein [avtale](#) om statsbudsjettet for 2019. Avtalen inneber bl.a. redusert rammetilskot ved at satsinga på tidleg innsats skule blir øymerka, reversering av auka kommunal eigenandel ressurskrevjande tenester, samt endringar og auke i særskilde tilskotsordningar og øymerka tilskot. I tillegg inneber avtalen også endringar i skatteopplegget som kan påverka kommunesektorens skatteinntekter, utan at dette er talfesta nærmare i forkant av Stortingets handsaming. Så langt ser endringane ut til å gå tilnærma opp i opp for Finnøy kommune.

Samen med forslaget som vart fremja 20. november utgjer denne tilleggsinnstillinga i sum rådmannen sitt forslag til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 for Finnøy kommune. Forslaget til innstilling i denne saka er dekkjande for begge.

Dersom budsjetthandsaminga på Stortinget fører til endringar i kommuneopplegget, vil rådmannen – om mogleg - orientere om dette i forkant av kommunestyret si handsaming. Eventuelle konsekvensar av endelege stortingsvedtak som ikkje er fanga opp lokalt i forkant, vil verta nærare omtalt på nyåret. Hovudpunkta i rådmannen si tilleggsinnstilling er oppsummert i avsnitt 2.2.

2.2 Oppsummering av hovudpunkta

Endra føresetnader

Ved utgangen av november er det særleg to forhold som saman gjer grunnlag for nye analyser og tilrådingar fra rådmannen si side:

- Lågare befolkningstal per 3. kvartal 2018.
- Lågare skatteinngang etter november 2018

Lågare frie inntekter i åra framover

Endra føresetnader påvirkar prognosane for dei frie inntektene og fører med seg eit adskillig lågare nivå enn rådmannen sitt tidligare forslag framlagt 20. november 2018. I 2019 vert inntektene redusert med om lag kr 6,2 mill. I åra 2020-2022 vert inntektene redusert med om lag kr 8,7-9,0 mill.

Forslag til saldering

Rådmannen har prioritert å nedjustere inntektsanslaga i tråd med dagens utvikling for å leggje til rette for meir realistiske inntektsrammer for den vidare drifta og investeringsplanar framover.

Samla fører endringane med seg eit redusert økonomisk handlingsrom for Finnøy kommune. Grunna den korte tida til disposisjon til å føreslå endringar, er balanseringsutfordringa løyst ved å bruke middel frå disposisjonsfond til å finansiere drifta dei komande år i staden for til investeringar.

Følgjeleg vert lånefinansieringa auka tilsvarande. Investeringsprosjekta og driftsramma til avdelingane er uendra i tilleggssinnstillinga samanligna med tidlegare budsjettforslag. Når føresetnadane for 2019 i større grad er sett, vil rådmannen koma tilbake med oppdaterte grunnlag og alternative løysingar i både drift og investering for å bidra til ein meir bærekraftig og langsiktig økonomistyring. Samt innarbeide nødvendige endringar i ramma for 2020.

Økonomiske måltall

Rådmannen si tilleggssinnstilling fører med seg til dels markante endringar i dei økonomiske måltala samanligna med tidlegare framstillingar.

Netto driftsresultat vert redusert til eit nivå rundt -5 % til -5,9 % for dei ulike åra i komande planperiode, som følgjer:

Økonomisk måltall	2019	2020	2021	2022
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-5,9 %	-5,0 %	-5,3 %	-5,3 %

Nivå på disposisjonsfondet vert endra mellom åra, frå om lag 15 % ved utgangen av 2019 (og over målet på 6 % sett av nye Stavanger) til 0 % ved slutten av planperioden (målt mot driftsinntekter). Eigenfinansiering av investeringar vert redusert frå 2020 og lånegjelda aukar tilsvarande dersom det ikkje vert sett i verk nye tiltak for å avgrense ei slik vekst komande år.

2.3 Endra føresetnader og oppdaterte prognosar for frie inntekter

Endra befolkningsvekst

I rådmannen sine forarbeid til budsjettforslaget for 2019 vart eit innbyggjartal på 3223 personar forutsett per 01.01.2019, dvs. ein befolkningsvekst på 0,8 % frå 01.01.2018 til 01.01.2019. Bakgrunnen var positiv vekst for 1. halvår 2018.


Innbyggjarveksten i 3. kvartal 2018 vart offentleg 20. november 2018 og viste ein vekst på -0,8 % hittil i år for Finnøy. Nedgangen ble betydeleg. Fjerde-kvartalstala for Finnøy har dei to siste åra òg vist negativ utvikling. Eit grovt anslag for året med ein vekst på -1,0 % gjer 3165 innbyggjarar per 01.01.2019. Nivået vil påvirke forslag til budsjettert skatteinngang og inntektsutjamning for Finnøy i 2019 og utover planperioden¹.

Skatteinngangen i Finnøy - status per november 2018

November er ein av dei to månadane i året som har størst skatteinngang i Finnøy kommune. Skatteinngangen vart kr 17,74 mill. i november og dermed kr 2,7 mill. lågare enn november i fjor og kr 2,5 mill. lågare enn periodisert budsjett for november.

Hittil i år har Finnøy kommune ein samla skatteinngang på kr 89,64 mill. Dette er kr 1,46 mill. lågare enn hittil i fjor og gjer dermed ein negativ vekst på 1,6 %. Vedteke budsjett for 2018 utgjer kr 93,175 mill. og legg til grunn ein årsvekst på -0,6 % frå skatteinngangen i 2017. Utviklinga vert vist i figur 1 der òg siste kjente landstal for kommunane er innarbeida.

¹ Skatteinngangen inneverande år vil ikkje verta råka av denne endringa, då skattekommunen er den der skattytar er busett 1. november året før skatteåret.



Figur 1- Skatteutviklinga i 2018 for Finnøy kommune og kommunane samla.

Prognose for dei frie inntektene i Finnøy – 2018

Justert for ekstraordinære innbetalningar av tilleggsforskot² dei siste to åra, vert ein gjennomsnittleg skatteinnngang i desember lagt til grunn. Dette gjer ein prognose for skatteinngangen i desember 2018 på om lag kr 0,45 mill. og vil innebere ein **samla årsprognose for Finnøy på kr 90,086 mill. for 2018. Nivået er kr 3,7 mill. lågare enn fjorårsnivået og tilseier ein årsvekst på -3,9 %.**

Prognose for skatteinngangen for kommunane samla er sett til ein årsvekst på 2,4 % i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2019. Skatteinngangen per oktober viser ein vekst på 4,6 % hittil i år. November er ein måned der mange korreksjonsoppgjer vert kjørt i skattesystemet, basert på oppgjorte likningar for 2017 for personlege skatteytarar. Signal frå fleire av storbyane i Norge er at den akkumulerte skatteveksten vert redusert med om lag 1-2 prosentpoeng frå nivået per oktober 2018, samt at det vert stilt spørsmål om nivå på tilleggsforskudda som kom i desember 2017 vil gjenta seg. Dette vil utvilsomt påvirke landstala. Følgjeleg bør regjeringa sitt anslag leggjast til grunn.

Forutsett ein noko nøktern skatteinnngang i desember 2018 for Finnøy og at landsveksten vert 2,4 %, vil dette gje samla frie inntekter som er kr 0,6 mill. lågare enn budsjettert i Finnøy. Dersom den lokale veksten vert høgare, vil det isolert sett bidra positivt. Tilsvarande, viss landsveksten isolert sett vert høgare, vil det auke inntektsutjamninga til Finnøy og følgjeleg bidra i positiv retning.

² Tilleggsforskudd er noko ein skatteytar sjølv vel å gjere for å vere meir à jour med sine skatteinnbetalningar samanlikna med forventa skattebelastning for gjeldande skatteår, samt slippe tilknyttate rentekostnader på restskatt. Dette kan henge saman med einskilde finansielle disposisjonar eller oppdaterte utrekningar av forventa skattetrykk. Endringar i dei norske skattereglane har dei siste åra bl.a. medført eit høgare utbytteuttak til personlege skatteytarar i Noreg enn før endringane i skattereglane vart vedteke. Dette har medført uventa innbetalningar av tilleggsforskudd i fleire kommunar dei siste åra, med bl.a. særskilt effekt i desember måned. Jf. siste år sine uventa høge skatteinntekter i kommune-Noreg. Slike skattemotiverte handlingar er umoglege å føreseie og kan vanskeleg leggjast til grunn i prognosearbeidet.

Dei frie inntektene er avhengige av både lokal og nasjonal skatteutvikling og endelege tal for 2018 vert først kjent primo februar 2019.

(Alle beløp i hele tusen kroner)

Finnøy kommune, Frie inntekter	Regnskap - revidert	Vedtatt budsjett	Prognose basert på nytt anslag	Prognose- avvik
(hele tusen kroner)	2017	2018	2018	2018
Skatt	-93 755	-93 175	-90 086	3 089
Rammetilskudd inkl inntektsutjevn.				
Rammetilskudd	-109 801	-109 561	-110 818	-1 257
Inntektsutjevning	-303	-1 604	-2 814	-1 210
Delsum	-110 104	-111 165	-113 632	-2 467
Sum frie inntekter	-203 859	-204 340	-203 718	622
Sum endring i prosent av regnskap 2017		0,2 %	-0,1 %	
Forutsetninger				
Skattevekst Finnøy (nom.)	8,8 %	-0,6 %	-3,91 %	
Skattevekst Norge (nom.)	4,5 %	1,3 %	2,4 %	
Skatt i % av landsgjennomsnittet	97,3 %	96,3 %	93,1 %	
Innbyggervekst Finnøy per 01.01.	0,4 %	-1,2 %	-1,2 %	
Innbyggervekst Norge per 01.01.	0,9 %	0,7 %	0,7 %	

Tabell 1 – Oversikt over oppdatert prognose og endring frå gjeldande budsjett. Beløp i heile tusen kroner.

Nærare om nasjonale og lokale føresetnader til skattevekst 2019

Regjeringens sitt [forslag til stats- og nasjonalbudsjett for 2019](#) (av 8. oktober 2018) inneber skattelette i både innteks- og formuesskatten, samt å redusera kommunalt skatteøyre. Saman med skattelette og lågare kommunalt skattøyre, vert veksta i skatteinngangen for kommunane anslått til 1,8 % i 2019. Forutsett ein nasjonal innbyggjarvekst på 0,7 %, tilseier dette ein skattevekst per innbyggjar på 1,1 % i 2019.


Den ekstraordinære skatteinngang siste år, bl.a. grunngeve i høge utbytteuttak og skattereformen, vert ikkje vidareført, verken nasjonalt eller lokalt. Havbruksnæringa har òg i 2018 delt ut betydelege utbytter. Om personlege skatteytarar tilhøyrande Finnøy har direkte eller indirekte slike økonomiske samband, finns det ikkje offisiell kommune-statistikk på, og må sjåast på som ekstraintekter dersom dei kjem.

Endringane i skattesystemet og i tilhøyrande tildeling til kommunane medfører årleg lågare skatteinntekter for Finnøy kommune frå 2019. Lokal lønnsvekst og sysselsettingsnivå vil trekkje i positiv retning, medan lågare innbyggjarvekst i 2018 bidreg til å redusera skatteinngangen ytterlegare. Auka avsetjing til margin frå 01.01.2019 (for seinare utbetaling av til gode-skatt) vil òg midlertidig trekkja litt ned i 2019. Lokal skattevekst frå tidlegare år kan følgjeleg ikkje leggest til grunn framover.

Følgjeleg er det lite som tilseier særleg høgare skattevekst per innbyggjar i Finnøy samanlikna med landet. Forutsett ein skattevekst på 1,2 % per innbyggjar i Finnøy i 2019, vert skatt per innbyggjar i Finnøy samanlikna med resten av landet; 93,2 % mot eit oppdatert anslag på 93,1 % for 2018.³

³ Opprinneleg budsjett for 2018 ga eit snitt på 96,3 %.

Utviklingen over tid vert vist i figur 2, saman med tidlegare prognosar for komande økonomiplanperiode.



Figur 2 - Skatteinntekt per innbyggjar i Finnøy i prosent av landsgjennomsnittet. Utvikling over tid.

Lågare lokal skattevekst

Dette gjer ein skatteinngang på kr 90,25 mill. i 2019 og ein vekst på kun kr 0,2 mill. frå nytt anslag, dvs. 0,2 % frå 2018 til 2019 for Finnøy kommune.

Ut ifrå prosedyre i Finnøy, vert dette nivået vidareført ut økonomiplanperioden, jf. ingen ytterlegare endringar i innbyggjartala vert innarbeida. År 2020-2022 er i faste kroner (dvs. utan pris-/lønsvekst).

Auka inntektsutjamning til Finnøy

Noko av nedgangen i lokal skatteinngang vert vege opp for av lågare inntektsutjamning, både med omsyn til skattenivå per innbyggjar, samt i endra prognose for innbyggjartalet 01.01.2019.

Lågare rammetilskot i 2020

Samanlikna med rådmannen sitt tidlegare forslag må eit lågare innbyggjartal lokalt og eit høgare nivå nasjonalt per 01.07.2019 verta lagt til grunn framover. Dette gjer eit lågare innbyggjartilskot til Finnøy enn i tidlegare budsjettforslag. Prognoseendringane får mindre effekt på utgiftsutjamninga. Småkommunetilskotet vert vidareført fullt ut. Likeins vert skjønntilskotet valgt og INGAR vert vidareført på same nivå som for 2019, jf. rådmannen sitt tidlegare budsjettforslag.

Uavhengig av endring i innbyggjartal, fell den treårige overgangsordninga for kommunar som skal slå seg saman vekk frå 2020. Effekten for Finnøy er kr 1,5 mill. som ved ein inkurie ikkje vart innarbeida i tidlegare økonomiplanforslag. Det skaper lite realisme å vidareføre denne inntekta i talgrunnlaget, og tilsvarande beløp er teke ut i Stavanger og Rennesøy sine frie inntekter i planperioden. Andre justeringar i rammetilskotet er innlemma i nye prognosar.

Samla gjer endringane i skatt og rammetilskot nye prognosar som framkjem i tabell 2.

Finnøy kommune, Frie inntekter	Regnskap - revidert	Vedtatt budsjett	Prognose basert på nytt anslag	Budsjett- prognose	Budsjett- prognose	Budsjett- prognose	Budsjett- prognose
(hele tusen kroner)	2017	2018	2018	2019	2020	2021	2022
Skatt	-93 755	-93 175	-90 086	-90 250	-90 250	-90 250	-90 250
Rammetilskudd inkl inntektsutjevn.							
Rammetilskudd	-109 801	-109 561	-110 818	-110 832	-108 326	-108 043	-108 052
Inntektsutjevning	-303	-1 604	-2 814	-2 750	-2 750	-2 750	-2 750
Delsum	-110 104	-111 165	-113 632	-113 582	-111 076	-110 793	-110 802
Sum frie inntekter	-203 859	-204 340	-203 718	-203 832	-201 326	-201 043	-201 052
Sum endring i prosent av regnskap 2017		0,2 %	-0,1 %	0,0 %	-1,2 %	-1,4 %	-1,4 %

Tabell 2 oversikt utvikling i frie inntekter – nye prognoser (Beløp i heile tusen kroner).

Dette betyr at ny prognose for **2019** ligg like i overkant av ny prognose for **2018**, mens prognosane for 2020-2022 ligg kr 2,5 mill. til kr 2,8 mill. lågare enn nivået for 2018-2019. Dette inneber ein negativ inntektsutvikling frå siste avlagte rekneskapsår 2017.

Samanlikna med rådmannen sitt tidlegare budsjettforslag, utgjer dette eit inntektsnivå som ligg frå kr 6,2 mill. lågare i 2019 til om lag kr 9,0 mill. lågare i 2021-2022. Tala kjem fram i tabell 3.

(Alle beløp i hele tusen kroner)

Finnøy kommune, Frie inntekter	Regnskap - revidert	Budsjett- prognose	Budsjett- forslag	Budsjett- forslag	Budsjett- forslag	Budsjett- forslag
(hele tusen kroner)	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Frie inntekter, rådmannens tidligere forslag til budsjett	-203 859	-206 949	-210 021	-210 021	-210 021	-210 021
Frie inntekter, tilleggsinnstilling	-203 859	-203 718	-203 832	-201 326	-201 043	-201 052
Sum endring mellom tidligere og nyere forslag		3 231	6 189	8 695	8 978	8 969

Tabell 3 – Samanlikning av ulike nivå for frie inntekter – gamle og nye prognosar/budsjettforslag.

Endringane i prognosane utgjer betydelege endringar i det økonomiske biletet, særleg for finansieringssituasjonen i driftsbudsjetta for Finnøy kommune i åra framover.

2.4 Endringar i driftsbudsjettet 2019-2022 for Finnøy kommune

Samla fører endringane med seg eit redusert økonomisk handlingsrom for Finnøy kommune. Lågare inntektsnivå vert foreslått innarbeida i driftsbudsjettet. Grunna den korte tida til disposisjon til å foreslå endringar, er balanseringsutfordringa løyst ved å bruke middel frå disposisjonsfond til å finansiera drifta dei komande år i staden for til investeringar. Følgjeleg vert lånefinansieringa auka tilsvarande. Når forutsetningane for 2019 i større grad er sett, vil rådmannen koma tilbake med oppdaterte prognosar og alternative finansieringstiltak i drift for å bidra til ein meir berekraftig og langsiktig økonomistyring. Eit lågare investeringsnivå kan med fordel strevast etter for å få ned behovet for lånefinansiering og tilhøyrande auka finanskostnader i drifta.

Forslag til endringar i drift samanlikna med rådmannen sitt forslag av 20. november 2018 framkjem av tabell 4.

NB Endringar i øymerka tilskot, jf. sentralt budsjettforlik, er ikkje innarbeida då dette teknisk medfører at budsjettert inntekt aukar like mykje som auka budsjettert kostnad. Øymerka tilskot vert først budsjettert når tildelingskriteria er avklart eller eventuelle søknadar er innvilga.

(hele tusen kroner)

Endr. Nr.	Driftsbudsjettet	2019	2020	2021	2022	Sum 4 år
1	Frie inntekter, reduksjon	6 189	8 695	8 978	8 969	32 831
2	Mindreforbruk, reverseres	-1 089	-1 729	-49	-449	-3 316
3	Finans, økte låneavdrag og renter	0	147	1 914	2 139	4 200
4	Disposisjonsfond, økt bruk	-5 100	-7 113	-10 843	-10 659	-33 715
	Budsjettbalanse	0	0	0	0	0

Tabell 4 Endringar i driftsbudsjettet. Beløp i heile tusen kroner.

Merknadar til endringane

1. Frie inntekter, reduksjon

Frie inntekter handlar om formue-/inntektsskatt og rammetilskot (herunder innbyggjartilskot, utgiftsutjamning og inntektsutjamning) og er omtalt nærare i avsnitt 2.2 i denne utgreiinga.

1. Mindreforbruk, vert reversert

I rådmannen sitt tidligare forslag til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 framkom eit mindreforbruk på botnlinja. Dette vert innlemma nå i balanseringa og utgår såleis i sin heilskap.

3. Finans, auka låneavdrag og renter

Endra finansiering frå eigenkapital til lånefinansiering for investeringene fører med seg auka lånegjeld frå 2020 og tilhøyrande auka forpliktinger utover planperioden. Effekten på auka låneavdrag og gjeldsrenter vert føreslått innarbeida i drifta.

4. Bruk av disposisjonsfond

Rådmannen føreslår å vri bruken av disposisjonsfond frå investering til drift for å finansiera inntektsreduksjonen og auke finanskostnadar som følgje av dette. Samla bruk av disposisjonsfond i drift for komande fireårsperiode er kr 33,7 mill. Fondet er tilnærma tappa til kr 0 i 2022.

2.5 Endringar i investeringsbudsjettet 2019-2022 for Finnøy kommune

Endra finansiering av investeringane vert føreslått med redusert bruk av frie midlar på disposisjonsfond med kr 2,5 mill. i 2020, kr 28,0 mill. i 2021 og kr 3,28 mill. i 2022. I staden vert investeringene føreslått lånefinansiert tilsvarande. Samla aukar lånegjelda med kr 33,78 mill. i planperioden. Låneopptaket for 2019 vert ikkje råka.

(hele tusen kroner)

Endr. Nr.	Investeringsbudsjettet	2019	2020	2021	2022	Sum 4 år
	Endret finansiering:					
1	Disposisjonsfond, redusert bruk	0	2 500	28 000	3 280	33 780
2	Låneopptak, økt	0	-2 500	-28 000	-3 280	-33 780
	Netto endring finansiering av investeringer	0	0	0	0	0

Tabell 5 Endringar i investeringsbudsjettet (finansiering). Beløp i heile tusen kroner.

3. OPPDATERTE HOVUDOVERSIKTER OG DRIFTSRAMMER

Med bakgrunn i tilleggsinnstillinga er kun nokre av dei økonomiske oversiktane oppdatert. Investeringsprosjekta og driftsrammene til avdelingene er uendra i tilleggsinnstillinga samanlikna med tidligare budsjettforslag. Endringar er kun gjennomført med omsyn til finansiering av investeringar, frie inntekter, finanskostnader og bruk av disposisjonsfond i drift.

3.1 DRIFTSBUDSJETT

3.1.1 Hovudoversikt drift - kortversjon

(hele tusen kroner)

Hovedoversikt drift	Regnskap 2017	Opprinnelig budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Driftsinntekter	-301 128	-281 560	-281 145	-278 639	-278 356	-278 365
Driftsutgifter	290 783	281 183	287 533	280 920	278 750	277 250
Brutto driftsresultat	-10 345	-377	6 388	2 281	394	-1 115
Resultat eksterne finanstransaksjoner	9 304	9 267	10 081	11 527	14 494	15 819
Motpost avskrivninger	14 772		-	-	-	-
Netto driftsresultat	-1 042	8 889	16 469	13 808	14 888	14 704
<i>Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk</i>	-12 845		-	-	-	-
<i>Bruk av disposisjonsfond</i>	-3 026	-5 370	-11 888	-9 763	-10 843	-10 659
<i>Bruk av bundne fond</i>	-2 706	-4 477	-4 724	-4 189	-4 189	-4 189
Sum bruk av avsetninger	-18 577	-9 847	-16 612	-13 952	-15 032	-14 848
<i>Overført til investeringsregnskapet</i>	-		-	-	-	-
<i>Dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk</i>						
<i>Avsatt til disposisjonsfond</i>	12 845	958	-	-	-	-
<i>Avsatt til bundne fond</i>	1 845		143	143	143	143
Sum avsetninger	14 690	958	143	143	143	143
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	-4 929	-	-	-	-	-
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	0,35 %	-3,16 %	-5,86 %	-4,96 %	-5,35 %	-5,28 %

Tabell 6 Hovudoversikt drift kortversjon. Opprinneleg budsjett 2018.

3.1.2 Hovedoversikt drift - detaljert

Finnøy kommune - tilleggsinnstilling

(hele tusen kroner)

Hovedoversikt drift	Regnskap 2017	Justert budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Brukerbetalinger	-11 402	-11 812	-11 208	-11 208	-11 208	-11 208
Andre salgs- og leieinntekter	-19 207	-18 474	-23 818	-23 818	-23 818	-23 818
Overføring med krav til motytelse	-50 794	-20 910	-18 682	-18 682	-18 682	-18 682
Rammetilskudd (*)	-110 104	-111 165	-113 582	-111 076	-110 793	-110 802
Andre statlige overføringer	-917	-21 424	-8 005	-8 005	-8 005	-8 005
Andre overføringer	-1	-	-	-	-	-
Skatt på inntekt og formue (*)	-93 755	-93 175	-90 250	-90 250	-90 250	-90 250
Eiendomsskatt	-14 948	-15 100	-15 600	-15 600	-15 600	-15 600
Sum Driftsinntekter (*)	-301 128	-292 060	-281 145	-278 639	-278 356	-278 365
Lønnsutgifter	153 613	148 773	148 789	147 995	147 995	147 995
Sosiale utgifter	38 620	40 084	40 429	40 202	40 202	40 202
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal tjenesteproduksjon	44 822	41 253	40 502	38 719	38 219	38 219
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon	42 863	34 622	41 764	41 083	41 083	41 083
Overføringer	14 891	19 286	18 277	15 149	15 149	15 149
Avskrivninger			-	-	-	-
Fordelte utgifter	-4 026	-2 511	-2 228	-2 228	-3 898	-5 398
Sum Driftsutgifter	290 783	281 507	287 533	280 920	278 750	277 250
Brutto driftsresultat	-10 345	-10 553	6 388	2 281	394	-1 115
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-6 839	-7 160	-7 655	-7 655	-7 655	-7 655
Mottatte avdrag på utlån	-6	-	-	-	-	-
Sum eksterne finansinntekter	-6 845	-7 160	-7 655	-7 655	-7 655	-7 655
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter (*)	6 319	6 746	6 790	7 053	8 586	9 102
Avdrag på utlån (*)	9 830	9 680	10 946	12 129	13 563	14 372
Utlån	-	-	-	-	-	-
Sum eksterne finansutgifter	16 149	16 426	17 736	19 182	22 149	23 474
Resultat eksterne finanstransaksjoner	9 304	9 266	10 081	11 527	14 494	15 819
Motpost avskrivninger	14 772		-	-	-	-
Netto driftsresultat	-1 041	-1 286	16 469	13 808	14 888	14 704
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-12 845		-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond (*)	-3 026	-5 570	-11 888	-9 763	-10 843	-10 659
Bruk av bundne fond	-2 706	-4 477	-4 724	-4 189	-4 189	-4 189
Sum bruk av avsetninger	-18 577	-10 047	-16 612	-13 952	-15 032	-14 848
Overført til investeringsregnskapet	-		-	-	-	-
Dekning av tidligere års regnskapsmessig merforbruk						
Avsatt til disposisjonsfond	12 845	11 333	-	-	-	-
Avsatt til bundne fond	1 845		143	143	143	143
Sum avsetninger	14 690	11 333	143	143	143	143
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	-4 926	-	-	-	-	-
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	0,35 %	0,44 %	-5,86 %	-4,96 %	-5,35 %	-5,28 %

Tabell 7 Hovedoversikt drift med justert budsjett 2018.

Tabell-linjer merka med (*), og alle summar, er endra samanlikna med tabell 5 (*Økonomisk oversikt drift*) og tilsvarende linjer i tabell 4 (*Budsjettskjema 1A-drift*) i rådmannen sitt forslag av 20. november 2018.

3.2 INVESTERINGSBUDSJETT

3.2.1 Hovudoversikt investering - kortversjon

(hele tusen kroner)

Hovedoversikt investeringer	Regnskap 2017	Opprinnelig budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Inntekter	4 463	1 057	6 190	2 360	12 000	43 320
Utgifter	27 500	20 012	52 137	24 862	60 000	46 600
Finanstransaksjoner	14 642	-	-	-	-	-
Finansieringsbehov	37 678	18 955	45 947	22 502	48 000	3 280
Bruk av lån (*)	31 199	12 955	34 947	11 882	48 000	3 280
Mottatte avdrag på lån	3 760	-	-	-	-	-
Salg av aksjer og andeler	-	-	-	-	-	-
Overføring fra driftsregnskapet	-	-	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond (*)	-	-	-	10 620	-	-
Bruk av bundne driftsfond	2 063	-	-	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	657	6 000	10 500	-	-	-
Bruk av bundne fond	-	-	500	-	-	-
Sum finansiering	37 678	18 955	45 947	22 502	48 000	3 280
UDEKKET/UDISPONERT	-	-	-	-	-	-

Tabell 8 Hovudoversikt investering kortversjon

Investeringsprosjekta og finansieringsbehovet er uendra frå rådmannen sitt forslag av 20. november 2018. Kun finansieringskilder er justert. Tabell-linjer merka med (*) er endra samanlikna med tabell 13 (*Hovudoversikt investering*) og 14 (*Budsjettskjema 2A-investering*) i rådmannen sitt forslag av 20. november 2018.

Karin Dokken Austvik
rådmann